



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

## **Møtebok for Meland sokneråd - fellestrådssaker**

**Møtedato:** 11.05.2017  
**Møtetid:** kl. 20:00  
**Møtestad:** Møteplassen

### **Til stade:**

Torbjørn Aamli, Per Audun Heskestad, Andreas Westermoen, Brigt Roar Skeie, Bent Gunnar Næss, Andreas Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, Regine Sagstad Berg, Marit Jøssang.

### **Meldt forfall:**

Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen.

### **Innkalling, saksliste og sist møtebok:**

Innkalling og saksliste vart godkjent. Møtebok frå møte 23.03.17 vart godkjent.

### **Meldingssaker:**

#### **Sak 000005 Arbeidet i kyrkje/kulturhussaka.**

Ved leiar i kyrkjeutvalet B.G. Næss og kyrkjeverja

**Sak 0000 Vikarløysingar ved permisjonar.** Eva Kristin Dale Wessman går ut i permisjon snart. Ruben Sæle går ut i permisjon i haust. Oppgåvene er planlagt løyst ved interne flyttingar av oppgåver og vikarprosentar. Det blir ikkje full vikardekking for diakon i haust.

**Sak 0000 Kyrkjegardsutviding.** Planleggarane for ny gravplassutviding meiner vi må vurdere andre alternativ enn det som er avsett i kommuneplanen. Det er også andre gode grunnar til å gjere det. Kyrkjeverja har gitt klarsignal, men ber om at arbeidet med dette går så raskt unna som mogleg, sidan kyrkjegarden no ikkje har nok ledige graver etter lovverket.

#### **Sak 009/17 Framlegg til stillingsomtalar for diakon og kyrkjelydspedagog**

##### *Forslag til vedtak:*

1. Framlegg til stillingsomtale for diakon vert vedteken som det ligg føre
2. Framlegg til stillingsomtale for kyrkjelydspedagog vert vedteken som det ligg føre

##### *Møtebehandling:*

Språklege rettingar og mindre endringar vart gjort i møtet

##### *Vedtak:*

1. Framlegg til stillingsomtale for diakon vert vedteken som det ligg føre
2. Framlegg til stillingsomtale for kyrkjelydspedagog vert vedteken som det ligg føre  
Begge skal rettast spåkleg og ei mindre endring vert gjort i teksten for kyrkjelydspedagog.  
Samrøysta vedtak.



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

## Sak 010/17 Søknad om leiarutviklingsprogram

### *Forslag til vedtak:*

Soknerådet gir kyrkjeverja permisjon til å vere med på KA sitt leiarutviklingsprogram. Soknerådet dekker kostnader til reise og opphald på leiarutviklingsprogram i tråd med budsjettet i søknaden frå kyrkjeverja på inntil kr 21 400 i 2017 og 2018. Soknerådet dekker ikkje kursavgift, litteratur og eksamensavgift.

### *Møtebehandling:*

### *Vedtak:*

Soknerådet gir kyrkjeverja permisjon til å vere med på KA sitt leiarutviklingsprogram. Soknerådet dekker kostnader til reise og opphald på leiarutviklingsprogram i tråd med budsjettet i søknaden frå kyrkjeverja på inntil kr 21 400 i 2017 og 2018. Soknerådet dekker ikkje kursavgift, litteratur og eksamensavgift.  
Samrøysta vedtak.

## Sak 011/17 Rekneskapsrapport 1.tertial 2017

### *Forslag til vedtak:*

Rapporten vert teken til orientering

### *Møtebehandling:*

### *Vedtak:*

Rapporten vert teken til orientering.  
Samrøystes vedtak

For Meland sokneråd - fellesrådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug  
Kyrkjeverje